



Sak nr 18/2011

Møtedato: 27.4.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S772

S772, Nøsen – søknad om sel

Rune Øygard søkte for nesten 4 år sidan om løyve til oppføring av nytt sel. Fjellstyret har godkjent søknaden i to omgangar. Fyrste vedtak vart gjort i sak 1/2008. Etter klage frå Statskog oppheva Statens landbruksforvaltning (SLF) vedtaket med grunngjeving om at behovet ikkje var godt nok dokumentert. Med ny dokumentasjon på behovet og kulturverdiane, godkjente fjellstyret søknaden i sak 49/2009 og 10/2010. Også dette vedtaket klaga Statskog over, men SLF tok ikkje Statskog si klage til følge.

Fjellstyret i si godkjenning for oppføring av nytt sel på 60 m² (BRA) er gjort på vilkår av at heimstøselet blir fjerna og det gamle selet blir tilbakeført til opphavleg utforming. Plan for dette skal godkjennast av Oppland fylkeskommune og fjellstyret.

Rune Øygard har den 25.2.11 levert teikning på nytt sel og plan for tilbakeføring av det gamle selet. Følgjande tiltak er planlagt: erstatte eksisterande trapp med steintrapp, fjerne verandaen på selet, bytte takrenner og ha kledning på stølen i same stil som deler av det nye selet og fjøset.

Søknaden er oversendt Oppland fylkeskommune til uttale, jf. stølsforskrift og tidlegare vedtak og dei har gjeve følgjande svar datert 13.4.11:

Vurdering

Seterhus er ofte enkle bygningar. Ved endringar på bygningsmiljø i slike områder er det derfor viktig å ta omsyn til og vidareføre tradisjonane. Når det er behov for meir areal er det også viktig at tradisjonen i området følgjes. Ved oppføring av nye bygningar bør dei derfor underordne seg det eksisterande stølsmiljøet.

Det er lagt ved teikningar av det nye selet, kartskisje som viser plasseringa og ei kort orientering om kva dei ynskjer å gjera med det gamle selet. Eigargane har etter vår vurdering teke omsyn til fylkeskommunen sine merknader i uttale av 28.08.2009. Den nye bygningen har ei enkel utforming, slik det er tradisjon for i stølsområda. Vi ynskjer likevel å gjere merksam på at det også er viktig at material- og fargebruk blir i samsvar med tradisjonen. Oppføring av eit nytt sel på stølen vil derfor etter vår vurdering ikkje ha negativ påverking på det eksisterande stølsmiljøet.

I samband med oppføring av det nye selet ønskjer eiga rane også å gjøre noen endringar på det gamle selet på stølen, blant anna tilbakeføre den gamle trappa i stein, fjerne ein tilbygd veranda samt bytte takrenner som er av plast. Dette er i samsvar med vår anbefaling gitt i brev av 12.10.2009.

Konklusjon

Oppland fylkeskommune ved Kulturarveininga vil ikkje motsette seg at det blir gitt løyve til oppføring av eit nytt sel på stølen som vist på dei reviderte teikningane som er lagt ved søknaden, på vilkår av at det gamle selet blir tilbakeført til opphavleg utforming. Vi har ikkje andre merknader enn det som kommer fram i vurderinga av saken.

Vi vil tilrå at eigargane tar kontakt med Odd Arne Rudi, bygningsvernrådgivar ved Valdresmusea, for eventuelle råd og rettleiing i samband med det vidare arbeidet på stølen.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner teikningar for nytt sel og plan for tilbakeføring av gamalt sel. Ein vil presisere tidlegare vilkår om at heimstøsel skal fjernast og tilbakeføring av gamalt sel skal gjennomførast før arbeid med oppføring av nytt sel startar. Varsel om når vilkåra er oppfylt, skal gjevast til fjellstyret før arbeid med nytt sel startar. Fjellstyret viser til uttale frå Oppland fylkeskommune og tilrår at arbeidet blir utført i samråd med bygningsvernrådgjevar ved Valdresmusea.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 28.4.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Rune Øygard, Oppland fylkeskommune, Statskog, Vestre Slidre kommune